



## Vedtekter for Vest Landbrukstenester SA

### § 1 Organisasjon

Vest Landbrukstenester SA med org.nr 871 366 802, nedanfor kalla laget, er eit lutlag etter samvirkeprinsippet med avgrensa økonomisk ansvar, vekslande kapital og medlemstal. Medlemene hefter berre med sitt andelsinnskot for gjelda til laget. Laget sin administrasjon skal ligge i Stryn kommune. Administrasjonen skal ha minst 1 kontordag pr år i Selje kommune.

### § 2 Føremål

Laget si hovudoppgåve er å skaffe avløyning slik at medlemene får regelmessig fritid, avlasting i onnetider og avløyning under sjukdom m.v.

Laget kan og administrere/koordinere andre former for samarbeidstiltak, som kan vere med å betre medlemene sitt driftsresultat, arbeidssituasjon og velferd.

Det kan og vere naturleg å yte andre tenester som styrkjer landbruket, eller vere utviklande for lokalmiljøet.

### § 3 Ansvar

Laget skal stå som arbeidsgjevar for dagleg leiar og kan tilsetje avløyningar og anna arbeidskraft med tilhøyrande arbeidsgjevaransvar. Arbeidsgjevaransvaret skal stå i forhold til arbeidsmiljølova med tilhøyrande forskrifter.

### § 4 Medlemskap/lutar

Laget skal vere oppe for medlemskap for brukarar i Hornindal kommune, Selje kommune og Stryn kommune, samt opent for brukarar utanom desse kommunane når dette er aktuelt, som har rett til tilskot for avløyningarutgifter og/eller fått utbetalt produksjonstillegg etter forskrift om areal og kulturlandskapstillegg.

Kvart medlem/driftseining teiknar seg for ein lut. Kvar lut lyder på kr 100,00 som skal betalast inn på Vest Landbrukstenester sin konto. Luten vert ikkje forrenta. Luten fylgjer landbrukseigedommen og kan overførast til ny eigar/brukar ved eigar/brukarskifte.

Styret fastset ei årleg medlemsavgift. I tillegg fastset styret ei administrasjonsavgift.

### § 5 Nyting av årsoverskot

Korleis årsoverskotet skal kunne nyttast vert vedteke av årsmøtet etter forslag frå styret. Det kan ikkje vedtakast å nytte eit høgare beløp enn det styret føreslår eller godtek, men årsmøtet kan sjølv vedta nytting innanfor fylgjande rammer:

1. Godskriving av føretakets eigenkapital
2. Etterbetaling (jf. samvirkelova § 27)
3. Avsetting til etterbetalingsfond (jf. samvirkelova § 28)

### § 6 Rettar og plikter

Kvart medlem har rett til hjelp for å skaffe arbeidskraft/avløyning som er best mogeleg tilpassa deira behov. Medlemene må til kvar tid rette seg etter dei lover og reglar som er gjeldande for velferdsordningane. Når laget står som arbeidsgjevar for arbeidstakarane og betalar ut løn til desse, pliktar kvart medlem å betale sine kostnader til rett tid.

Laget skal ha tilgjengeleg, og gje medlemane informasjon og rettleiing om gjeldande lover og forskrifter for helse-, miljø- og tryggleik. Laget skal ha oversikt over krav som er særleg viktige for verksemda.

Kvart medlem har ansvar for at arbeidsmiljøet på garden er i samsvar med gjeldande reglar i arbeidsmiljølova, og har plikt til å gje informasjon og opplæring til arbeidstakarane etter AML og KSL sine krav.

## § 7 Utmelding/Eksklusjon

Medlemskapen er bindande frå innmeldingsdato. Utmeldingsfrist er 3 månader rekna frå den dagen skriftleg melding om utmelding kom fram til laget.

Medlem som bryt vedtektene eller føresegner som er gitt i medhald av desse eller på annan måte forsømmer sine plikter ovafor laget, kan ekskluderast frå laget. Styret kan fremje slikt krav. Det kan og fremje krav om skadebot for dei tap som laget er påført. Seinast 8 dagar før styret handsamar saka, skal medlemen ha skriftleg varsel og få høve til å uttale seg innan ein rimeleg frist. Medlemen kan anke styrevedtaket inn for årsmøtet.

Ved utmelding/eksklusjon har medlemen rett å få betalt attende sin lut om laget sin økonomi gjev rom for det. Innbetalt administrasjonsavgift vert ikkje betalt attende. Det kan heller ikkje stillast krav om del av laget si eige(formue). Utmeldt/ekskludert medlem kan ikkje ha tillitsverv i laget.

## § 8 Årsmøtet

Årsmøtet er laget sitt høgaste organ og skal haldast kvart år innan utgangen av april. Innkalling vedlagt sakliste, skal sendast skriftleg til medlemene med 14 dagars varsel. Årsmelding, årsplan, rekneskap og budsjett vert lagt inn på heimesida til laget og vert eventuelt utlevert på førespurnad.

Saker som eit medlem ønskjer å få handsama på årsmøtet, må vere kome skriftleg til styret seinast 4 (fire) veker før årsmøtet.

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret eller 1/3 av medlemene krev det.

Kvart medlem /driftseining har 1 røyst. Medlemene kan møte med skriftleg fullmakt, men ingen kan møte med meir enn ei fullmakt.

Gyldig vedtak krev simpelt fleirtal, dersom ikkje vedtektene krev noko anna. Ved likt røystetal avgjer møteleiaren si røyst, unnateke ved personval der utfallet vert avgjort ved loddtrekning.

Det skal førast protokoll frå årsmøtet. Protokollen skal underskrivast av to medlemmer valde av årsmøtet.

### **På årsmøtet skal følgjande saker handsamast:**

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
2. Val av møteleiari og skrivar.
3. Val av to medlemmer til å skrive under møteboka.
4. Styret si årsmelding.
5. Rekneskap og revisjonsmelding.
6. Arbeidsplan for komande år.
7. Budsjett for komande år.
8. Godtgjersle til tillitsvalde
9. Val:
  - a. val av styremedlemmer for 2 år.
  - b. val av styreleiar for 1 år, veljast mellom styremedlemene.
  - c. val av nestleiar for 1 år, veljast mellom styremedlemene.
  - d. val av vararepresentantar til styret (nummererte) for 1 år.
  - e. val av revisor
  - f. val av medlem og varamedlem til valnemnd
10. Andre saker som er med i innkallinga.

## § 9 Styret

Laget skal leiast av eit styre på 7 medlemmer, der 6 tillitsvalde vert valde på årsmøtet og 1 skal veljast av og mellom dei tilsette i laget. 1 styremedlem skal være frå Selje, 2 styremedlemar frå



## Vest Landbrukstenester SA

Hornindal og 3 styremedlemar frå Stryn. Representanten frå dei tilsette kan ikkje veljast til styreleiar eller nestleiar i styret. Det skal veljast 3 vararepresentantar, 1. vara frå Selje, denne møter fast på styremøta, med tale og forslagsrett. 2. vara frå Stryn og 3. vara frå Hornindal. Desse er vara for styrerepresentantane frå h.h.v. Selje, Stryn og Hornindal.

Styremedlemene vert valt for 2 år om gongen. Kvart år er 3 av medlemene på val, fyrste gong etter loddtrekning.

Styret held møte så ofte leiaren finn det nødvendig eller minst 3 av medlemene i styret krev det. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades.

Har eit styremedlem forfall, skal dette meldast til laget i god tid, slik at varamedlemen kan verte kalla inn.

Ved likt stemmetal avgjer leiaren si stemme.

### § 9.1 Oppgåvene til styret

Styret skal leie laget si verksemd i samsvar med vedtektene og dei vedtak som årsmøtet har gjort, og skal følgje dei instruksar som er fastsett av offentlig styresmakt.

Styret skal kartleggje, organisere og administrere all utleige/formidling av arbeidskraft slik at medlemene får tenlege løysingar.

Styret er ansvarleg for at heile laget si verksemd vert utført på ein forsvarleg måte.

#### Vidare skal styret mellom anna:

- Ha ansvar for at laget har tilfredsstillande økonomi, og om nødvendig fastsetje ei administrasjonsavgift. Forvalte laget sine midlar og leggje fram forslag om bruk av disponible midlar.
- Førebu og gje innstilling i alle saker som skal leggjast fram for årsmøtet. Unnateke valnemnda sine oppgåver.
- Syte for at rekneskapen er forsvarleg ført og revidert etter gjeldande reglar.
- Ha ansvar for laget si årsmelding.
- Setje opp arbeidsplan og budsjett for komande år.
- Tilsetje og seie opp personale og fastsetje løn og tilsetjingsvilkår.
- Ha ansvar for at kontoret har tilfredsstillande bemanning og at kunnskapane til kvar tid står i forhold til arbeidsoppgåvene. Vidare at arbeidsforhold og arbeidsmiljø er slik at det skapar grunnlag for effektivitet og trivsel.
- Arbeide aktivt for å utvikle laget vidare, slik at medlemene til kvar tid får dei tenester dei treng.
- Samarbeide med andre organ innan næringa for å utnytte ressursane best mogeleg, og for å styrkje landbruket i lokalmiljøet.
- Styret kan opprette arbeidsutval etter behov. Vanlegvis samansett av styreleiar, eit styremedlem og dagleg leiar.
- Styret skal vedta retningslinjer for verneombod, og kan, i eige styrevedtak, gje verneombodet fullmakt på laget sine vegne til å foreta besøk hjå det einskilde medlem.

Styreleiar og eit styremedlem bind laget med sine underskrifter. Styret kan gje prokura.

Det skal førast protokoll frå styremøta. Styreprotokollen skal sendast ut til styremedlemene innan 14 dagar etter kvart møte. Protokollen skal underskrivast av dei frammøtte styremedlemane.

## § 10 Valnemnd

Laget skal ha ei valnemnd på 3 medlemmer og 3 vara, fordelt på Hornindal, Selje og Stryn. Valet gjeld for 3 år. Kvart år går 1 medlem ut, fyrste år etter loddtrekning. Det skal kvart år veljast 1 varamedlem til valnemnda frå den kommunen som står for tur. Den som har sete lengst fungerer som leiar.

Valnemnda skal foreslå kandidatar til alle val som skal haldast på årsmøtet, unnateke revisor og valnemnd. Revisor og valnemnd skal veljast etter innstilling frå styret. Valnemnda skal innstille på godtgjersle til tillitsvalde. Årsmøtet kan fastsetje instruks for valnemnda.

## § 11 Tvistar

Tvist mellom laget og eit eller fleire av medlemene i laget som ikkje vert løyst på minneleg vis, vert avgjort ved skilddom (valdsgift). Skilddomstolen er samansett av 3 medlemmer. Kvar av partane vel eit medlem og sorenskrivaren i distriktet nemner opp leiaren. Dersom ein eller begge av partane innan ein frist som er fastsett av styret ikkje har oppnemnd sitt medlem, vert vedkomande medlem oppnemnd av sorenskrivaren.

Kravet om skilddom må vere kome inn til styret innan 3 månader etter at medlemen har fått kjennskap til forholdet som grunnjev kravet.

Skilddomstolen tek og avgjerd om sakskostnader.

## § 12 Vedtektsendring.

Endring av laget sine vedtekter kan berre gjerast av årsmøtet. Det skal stå i innkallinga til årsmøtet kva endringa gjeld. Til gyldig vedtak vert det som hovudregel kravd 2/3 fleirtal av røystene på årsmøtet. I spesielle saker vert det kravd 4/5 fleirtal.

## § 13 Opplysning - Fusjon.

Vedtak om oppløysing eller fusjon vert gjort av årsmøtet. Gyldig vedtak om oppløysing krev 3/4 fleirtal av deltakarane på møtet. Stemmerett i slike tilfelle krev medlemskap og betalt medlemskontingent.

Det årsmøtet som gjer vedtak om oppløysing, skal velje eit avviklingsstyre.

For vedtak om fusjon gjeld same stemmereglar som ved oppløysing, unnateke val av avviklingsstyre.

Vert det ikkje oppnådd tilstrekkeleg fleirtal på årsmøtet, kan nytt årsmøte innkallast med 14 dagars varsel. Gyldig vedtak krev då 2/3 fleirtal mellom dei frammøtte medlemmer.

Eventuelle attståande midlar, etter at gjeld er dekkja, skal stå i fem -5- år i tilfelle eit føretak med same formål vert skipa, midlane vil då verte overdrege til nytt føretak. Årsmøte fattar vedtak om lokalt allmenntytig føremål som skal overta midlane om nytt føretak ikkje er skipa innan fem år.

Vedtektene er godkjend av ekstra ordinært årsmøte 18. august 2015

Vedtektene gjeld frå 18. august 2015

Vedtektene sendt Foretaksregisteret 20 10 2015/09 03 2016